

**Far og dotter i meisterskap**

11.07.2011

**Det tradisjonsrike Sunhordlandmeisterskapet i friidrett vart avvikla på Husnes under våte tilhøve i helga og frå Uskedalen var berre Jostein Saghaug med.**

Han vart femtemann på 800 meter med 2,47,8, nummer to i tresteg med 8,63 og nummer 4 i slegge med 17,68.

Dottera Kathrine (11) var for nokre dagar sidan med i friidrettsfestivalen i Strandebarm og her sette ho to personlege rekorder av 3 mogelege. Ho seinka persen på 60-meteren frå 10,36 til 10,08 og auka persen i høgde med 3 centimeter til 1,15.

På haustparten står mellom anna Stordlekene på programmet men Kvinnheradmeisterskapen vil truleg samle enda fleire frå Uskedalen.